

HØRINGSSVAR

Veivalg for fremtidig kirkeordning

Høring februar – mai 2015

Det vises til Kirkerådets høringsnotat *Veivalg for fremtidig kirkeordning*. I høringsnotatet presenteres en rekke temaer og veivalg for den fremtidige kirkeordningen med i alt 27 spørsmål.

Se bakgrunnsmateriale på denne nettadressen: www.kirken.no/kirkeordning

Høringsinstansen gjøres oppmerksom på at spørsmålene står i et visst forhold til hverandre, noe som er påpekt i teksten.

Det er også anledning til å gi svar kun på et utvalg av spørsmålene.

Hørings svar bes sendt elektronisk til post.kirkeradet@kirken.no.

(Skriv gjerne inn svarene i denne Word-fila og send den som vedlegg til epost).

Opplysninger om høringsinstansen:

Navn på menighet/kirkelig fellesråd/organisasjon:

Hjartdal kyrkjelege fellesråd

Adresse: Kommunehuset, 3692 SAULAND

Kontaktperson: Arild Bjørnstad tlf. 99622352

Høringsspørsmålene

- 1 Bør det gjøres endringer i fordelingen av oppgaver og myndighet mellom lokalt, regionalt og nasjonalt nivå? I så fall hvilke og hvorfor?**

Svar: Dette kjem bl.a.an på framtidig finansieringsordning for kyrkja og kven som skal vera arbeidsgjevar for dei tilsette i framtida. Med dagens ordning er funksjonsfordelinga i hovudsak grei. Med ein felles arbeidsgjevar i kyrkja bør organisasjonskartet endrast på mellomnivået.

2 Deler høringsinstansen Kirkerådets vurdering om at dagens finansieringsordning er den beste til å sikre en bred folkekirke?

Svar: Dagens finansieringsmodell bør vidareførast. Ei livssynsavgift innkrevd over skattesetelen og fordelt etter medlemstal ville gjere kyrkja meir sjølvstendig i høve til stat og kommune.

Ei intern fordeling av midlane innan kyrkja må i såfall utjamne dei ulike kostnadene pr. medlem det er å drive kyrkje mellom grisgrente og folkerike strok. Men dette ville i såfall vore kyrkja si eiga prioritering. I dag er kyrkja sine mogelegheiter på lokalplanet i stor grad prisgitt kommuneøkonomien.

3 Dersom dagens finansieringsordning for Den norske kirke faller bort, hvilken ordning vil høringsinstansen gå inn for? Begrunn synspunktet.

Svar: Livssynsavgift etter mal gjeve i høyringsdokumentet må i så fall innførast. Denne må innkrevjast via skattesetelen. Dette vil gjøre kyrkja meir sjølvstendig i høve til stat og kommune og meir på line med andre trussamfunn. Medlemsavgift er ei meir passende ordning for dei mindre trussamfunna og vil om han innførast i DNK bidra til ytterlegare å avvikle kyrkja som folkekyrkje.

4 Hvordan kan kirkestrukturen forenkles for at knappe ressurser kan bli rasjonelt utnyttet?

Svar: Om ein vel bispedømmerådet som felles arbeidgjevar i kyrkja bør finansiering med livssynsavgift innførast. Om finansieringa vert delt på fellesrådsnivå og bispedømmenivå som i dag er det vanskeleg å tenkje seg ein organisatorisk fusjon mellom desse nivåa. Dersom prestar og dei som i dag er lokalt tilsette skal ha samme arbeidsgjevar bør dette leggest til bispedømmenivået. Arbeidsgjevarfunksjonar må likevel på mange område delegerast utover der dei tilsette har sine oppgåver. Nokre av fellesråda sine oppgåver vil og kunne overtakast av sokneråda- særleg etter at desse vert gjort til funksjonsdyktige einingar- slik det no pågår ein prosess rundt om i kyrkje-Norge.

5 Har høringsinstansen synspunkter på kriteriene for soknestørrelse og sokneinndeling i en fremtidig kirkeordning?

Svar: Sokna bør ha ein storleik som gjer at dei kan ta ansvar for planlegging av gudstenestetilbod, diakoni, trusoplæring mm. samt ha kapasitet til å gjennomføra dette i samvirke med dei tilsette. Det må og vera stort nok til å kunne rekrutera tillitsvalde og friviljuge medarbeidarar på ein god måte. (1000 medlemmar bør nok vera minimum.)

6 Bør ordningen med to organer for soknet (menighetsråd og fellesråd) videreføres?

Svar: Dette bør vidareførast.

7 Hvis ordningen videreføres: På hvilket nivå bør fellesorgan for flere sokn ligge (kommunenivå eller annet nivå, f.eks. prostinivå eller bispedømmenivå)?

Svar: Dette bør ligge på kommunenivå.

8 Hvis ordningen videreføres: Bør det gjøres endringer i oppgavefordelingen mellom menighetsråd og fellesråd?

Svar: Store sokn kan ta ansvar for fleire oppgåver enn små. Små sokn er meir avhengige av fellesfunksjonane i fellesråda. Det bør vera rom for lokale tilpassingar. I eitsoknskommunar er det kunn av omsyn til kommunal representasjon og gravferdsforvaltninga at ein treng eigne fellesråd.

9 Bør all virksomhet i soknet underlegges styrings- og ledelsesansvaret til soknets organer?

Svar: Gjerne.

10 Hvordan bør daglig ledelse for virksomheten i soknet organiseres?

Svar: Ved to arbeidsgjevarliner- som i dag. Dette er og den ønskjelege ordninga for framtida. Ved felles arbeidsgjevarline bør ein av dei tilsette som har soknet som arbeidsstad ha denne rolla. Arbeidsgjevaren må avgjere kven dette skal vera. I fall bispedømet vert arbeidsgjevar for alle så må soknet si innstilling vege mykje.

11 Hvilken rolle bør biskopen ha i en fremtidig kirkeordning?

Svar: Mykje som i dag. –Utvikle tilsynsordninga for alle medarbeidarar,- ikkje berre dei vigsla. Arbeidsgjevarfunksjonar bør ivaretakast av arbeidsgjevar. (Bispedømmerådet for dei fleste prestane i dag. Fellesrådet for dei fleste andre.)

12 Hvilke virkemidler bør biskopen ha for å kunne ivareta tilsynet på en god måte?

Svar: Primært tid til å fylgje opp medarbeidarar og kyrkjelydar,- både sjølv og gjennom korpset av prostar og andre tilsette på bispedømenivået. I spørsmål om omplassering, forføyningstiltak, oppseiing mv.må dette avgjerast av tilsettingsmynda (bispedømmerådet), men etter initiativ frå biskopen.

13 Hvordan bør utpeking av biskoper skje i en fremtidig kirkeordning?

Svar: Innføring av valodning jfr. fleirtalet i kyrkjerådet.

14 Bør bispedømmerådet opprettholdes som rådsorgan på bispedømmenivå, og hva skal i så fall være bispedømmerådets rolle i kirkestrukturen?

Svar : Ja. Samde med fleirtalet i kyrkjerådet. Oppgåver som i dag pluss eventuelt overtaking av arbeidsgjevaransvar for lokalt kyrkjeleg tilsette om dette ikkje vert på kommunenivå.

15 Hvilke oppgaver bør i så fall legges til bispedømmerådet?

Svar: Sjå 14.

16 Bør alle ansatte ha den samme arbeidsgiver og hvilket organ bør dette i så fall være?

Svar: Berre om finansieringa endrast til livssynsavgift. I såfall bør bispedømet vera arbeidsgjevar for alle. Om dagens finansieringsordning vidareførast bør ein ha fellesrådsnivået som lokal arbeidsgjevar.

17 I hvilken grad bør arbeidsgiverfunksjoner fordeles på de ulike organer? (Biskopen regnes i denne sammenheng som et organ).

Svar: Arbeidsgjevarfunksjonane bør utøvast nærast mogeleg dei tilsette,- så delegasjon frå biskop er heilt naudsynt i mange saker. Fellesfunksjonar , som løns- og rekneskapsfunksjonar samt rapporteringsoppgåver mm. bør samordnast på bispedømenivå om ein kan oppnå rasjonaliseringsgevinstar. Tilsette på fellesrådsnivå ivaretakast av lokale arbeidsgjevarar.

18 I hvilken grad bør det åpnes opp for lokale og regionale variasjoner i organiseringen av arbeidsgiveransvaret?

Svar: I minst mogeleg grad. Kyrkja bør framstå einskapeleg utad med dei same strukturane og nivåa over heile landet- også gjennom organiseringa av arbeidsgjevaransvaret.

19 Hvordan bør man på best mulig måte ivareta særpreget til prestedtjenesten og andre vigslede tjenester?

Svar: Bispedømet som arbeidsgjevar gjer dette naturleg for presten. For andre vigsle stillingar kan dette omsynet ivaretakast gjennom særlege bestemmelsar i tenesteordningane.

20 Har høringsinstansen synspunkter på Kirkemøtets rolle i kirken?

Svar: Kyrkjemøtet bør framleis vera kyrkja sitt høgste demokratisk valde organ. Rolla bør vidareførast som i dag.

21 Har høringsinstansen synspunkter på hvordan Kirkemøtet skal settes sammen?

Svar: Som i dag.

22 Har høringsinstansen synspunkter på Bispemøtets oppgaver og rolle i kirkeordningen, herunder forholdet til Kirkemøtet og Kirkerådet?

Svar: Er samde i fleirtalsinnstillinga i kyrkjerådet. (1A)

23 Har høringsinstansen synspunkter på spørsmålet om ledelse av biskopene?

Svar: Preses kan inneha denne rollen som foreslått i kyrkjerådet.

24 Har høringsinstansen synspunkter på Kirkerådets funksjon og sammensetning?

Svar: Fleirtalsforslaget (1A) foretrekkast.

25 Bør ordningen med en egen lærenemnd videreføres, og hvilken funksjon skal en slik nemnd i så fall ha?

Svar: Nei. Denne kan leggest ned.

26 Har høringsinstansen synspunkt på hvordan ansvaret for samisk kirkeliv skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?

Svar: Ordninga med Samisk kyrkjeråd vidareførast. Vi deler kyrkjerådet si vurdering.

27 Har høringsinstansen synspunkt på hvordan ungdomsdemokratiet og Ungdommens kirkemøte skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?

Svar: Ungdomsdemokratiet regelfestast som del av kyrkjeordninga vedteke av kyrkjemøtet. Ungdomens kyrkjemøte sine funksjonar vidareførast som i dag.

Hjartdal kyrkjelege fellesråd. 20.04.2015.

Arild Bjørnstad, kyrkjevevje